



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Kommunestyret
Møtedato:	18.12.2025
Møtetid:	09:00 - -19:10
Møtestad:	Knarvik - Helsehus, Nordhordland

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Ståle Juvik Hauge	medlem	AP	
Vigdis Villanger	medlem	SP	
Astrid N Sylta	medlem	AP	
Nina Bognøy	ordfører	AP	
Ingrid Fjeldsbø	medlem	H	
Nils Marton Aadland	medlem	H	
Pål Inge Fosse Hopland	medlem	AP	
Torgeir Andvik	varaordfører	SP	
Mary-Ann Mostraum	medlem	FRP	
Stian Lavik	medlem	KRF	
Tone-Marit Øvretveit	medlem	AP	
Dyrkolbotn			
Kjell Idar Vangberg	medlem	AP	
Jon Askeland	medlem	SP	Møtte fom sak 150/25
Matias Hatland Våge	medlem	AP	
Kari Solveig Sæthre	medlem	SV	
Ida Rambech	medlem	H	Møtte tom sak 158/25
Asle Hetlebakke	medlem	KRF	

Joakim Byrknes	medlem	KRF	
Nina Stabell Øvreås	medlem	FRP	
Marius Hellan	medlem	V	
Hindenes			
Olav Steinar Namtvedt	medlem	SP	
Kenneth Taule	medlem	SP	
Murberg			
Wilfred Berthelsen	medlem	VIP	Møtte tom sak 158/25
Leif Johnsen	medlem	MDG	Møtte fom sak 146/25 tom sak 158/25
Olav Myhr	medlem	KRF	
Tore Helland	medlem	FRP	
Yngve Walaker	medlem	FRP	
Geir Nilssen	medlem	VIP	
Øyvind Bratshaug	medlem	SP	
Bjørnar Smørdal	medlem	R	
Grindheim			
Silje Nordal	medlem	H	
Svenning Asgeir Bjørke	medlem	KRF	
Helge Henanger	medlem	H	
Leif Taule	medlem	SP	

Faste medlemmer som ikkje møtte

Namn	Rolle	Parti
Esben Helland	MEDL	FRP
Astrid Aarhus Byrknes	MEDL	KRF
Irene Stendal Østerbø	MEDL	VIP
Lasse Turøy	MEDL	SV
Marie Mostraum	MEDL	FRP
Liv Hopland Van der Kooij	MEDL	SP
Henning Fyllingsnes	MEDL	H
Sara Sekkingstad	ORD	SP

Frammøtte varamedlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Elin Irene Klausen	varamedlem	KRF	
Roger Kleiven	varamedlem	VIP	
Marit Gro Berge	varamedlem	SV	
Tommy Øvretveit	varamedlem	FRP	Møtte tom sak 161/25
Monika Soltveit	varamedlem	SP	
Gabrielli			
Sean Røskeland	varamedlem	H	
Arild Gisle Tveranger	varamedlem	UAVH	
Heine Fyllingsnes	varamedlem	H	Møtte fom sak 159/25
May-Irene Wergeland	varamedlem	SP	Møtte tom sak 153/25

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Tove Mette Arnø Fyllingen	Avdelingsleiar
Christian Fredrik Fotland	Kommunedirektør
Runar Bleie Bertheussen	
Leni Dale	Kommunalsjef
Kristin Moe	Kommunalsjef
Andris Hamre	kommunalsjef
Lisbeth Toppe Alvær	Kommunalsjef
Inger Marie Jordal	Tenesteleiar
Siril Therese Sylta	Tenesteleiar
Kristin Nåndal	Tenesteleiar
Henriette Dale Bråthen	
Eirik Bouwer Utne	
Arngunna Haga	Avdelingsleiar

Ola Viken Stalund

Arne Eikefet

Møteprotokoll er publisert på kommunens nettside og vert godkjent i neste møte.

Tove Mette Arnø Fyllingen

Møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Tittel	Unntak frå innsyn
PS 144/25	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 145/25	Godkjenning av møteprotokoll frå 23.10.2025 og 30.10.2025	
PS 146/25	KNARA - økonomisk ramme	Offl. § 13, jf. Fvl. § 13 2. ledd
PS 147/25	Søknad om fritak som meddommar	Offl. § 13 1. ledd, jf. Fvl. § 13 1. ledd
PS 148/25	Reguleringsplan for Tonesmarka gbnr. 322/4 m.fl. PlanID. 125620180005 - 2. gongshandsaming	
PS 149/25	Klage i plansak - detaljregulering for Børøy, Lygra - gbnr. 58/15 mfl. - plan- ID 46312021008	
PS 150/25	Klage på vedtak - detaljreguleringsplan for Solbakken, planid. 46312021006	
PS 151/25	Plansak - Detaljregulering - Hovudreinseanlegg i Knarvik - KNARA - PlanID 46312023004	
PS 152/25	Innkjøpsstrategi Alver kommune 2026-2030	
PS 153/25	Likviditetsforvaltning – fullmakt til kassekreditt og fondsuttak	
PS 154/25	Søknad om lån eller lånegaranti fra Knarvik IL	
PS 155/25	Spelemidler, prioritering 2026	
PS 156/25	Forskrift om vass- og avløpsgebyr i Alver kommune - mindre endring	
PS 157/25	Gebyr- og betalingssatsar for 2026	
PS 158/25	Økonomiplan 2026 - 2029	
PS 159/25	Verbalpunkt om alternativ til MOT-programmet i skulen	
PS 160/25	Årsmelding 2024-2025 Alver ungdomsråd	
PS 161/25	Busetting av flyktningar i 2026	

PS 162/25	Høyring - tenestestruktur for tannhelsetenesta i Vestland 2026-2036
PS 163/25	Miljøløftet - innspel til Handlingsprogrammet 2027-2029
PS 164/25	Miljøløftet - bruk av belønningsmidler i Alver kommune
PS 165/25	Høyring - utgreiing - grensejustering av kommunegrensa mellom Alver, Modalen og Masfjorden
PS 166/25	Fensfjorden Kjernekraft AS - Alver kommune som medeigar
PS 167/25	Melding/orientering til kommunestyret
RS 31/25	<i>Årsmelding 2024-2025 mobbeombodet i Vestland</i>
RS 32/25	<i>Møteutskrift sak 47/25 Tilbakerapportering: forvaltningsrevisjon - Innkjøp</i>
RS 33/25	<i>Alver kontrollutval - Møteprotokoll frå møtet 28.10.2025</i>
RS 34/25	<i>25.11.25 Protokoll Alver kontrollutval med vedlegg</i>
RS 35/25	<i>Tiltaksplan for Mjåtveitvassdraget</i>
PS 168/25	<i>Tiltaksplan for Mjåtveitvassdraget</i>

PS 144/25 Godkjenning av innkalling og saksliste

Handsaming i Kommunestyret - 18.12.2025:

Framlegg frå S.Hauge-AP:

RS sak 35/25 vert sett på sakslista som politisk sak.

Framlegget vart vedteke mot 2 røyster (S.Lavik-KRF og E.I.Klausen-KRF)

Framlegg frå T.Andvik-SP:

Sak 159/25 vert flytta før sak 158/25.

Framlegget fekk 8 røyster (alle SP) og fall.

Ellers ingen merknader, samrøystes.

Vedtak i Kommunestyret - 18.12.2025:

Innkalling og saksliste, med endring, er godkjent.

PS 145/25 Godkjenning av møteprotokoll frå 23.10.2025 og 30.10.2025

Handsaming i Kommunestyret - 18.12.2025:

Kommunedirektøren sitt framegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 18.12.2025:

Møteprotokollane er godkjent.

PS 146/25 KNARA - økonomisk ramme

PS 147/25 Søknad om fritak som meddommar

PS 148/25 Reguleringsplan for Tonesmarka gbnr. 322/4 m.fl. PlanID. 125620180005 - 2. gongshandsaming

Handsaming i Kommunestyret - 18.12.2025:

Innstilling frå utval for areal, plan og miljø vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 18.12.2025:

«Alver kommunestyre godkjenner framlegg til reguleringsplan for Tonesmarka gnr. 322 bnr. 4 mfl. Planid. 4631_125620180005, som vist på plankart sist datert 29.10.2025 og med føresegn av revisjonsdato 30.10.2025.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslovas § 12–12».

PS 149/25 Klage i plansak - detaljregulering for Børøy, Lygra - gbnr. 58/15 mfl. - plan- ID 46312021008

Handsaming i Kommunestyret - 18.12.2025:

Innstillinga frå utval for areal, plan og miljø vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 18.12.2025:

Klage i frå grunneigar Atle Lid ved gbnr. 4631-58/135, på kommunestyret sitt vedtak 19.06.2025 i sak 2023/10596, vert ikkje teke til følge.

Vedtaket som vert ståande lyd slik:

«Alver kommunestyre godkjenner framlegg til reguleringsplan for Børøy gbnr. 58/15 mfl., PlanID 46312021008, som vist på plankart sist datert 14.05.2025 og med føresegn av revisjonsdato 14.05.2025 med følgjande endringar:

1. Føresegn 3.2.2 supplerast med kulepunkt:

oTrappeforbindelsane i felt GG skal ha god intern samanheng både i utforming og materialbruk, og tilpassast forventet ferdsel.

2. Illustrasjonsplan må oppdaterast slik at den viser maks utnytting av tomtearealet, dvs. hytter med grunnflate = 150 m².

Endringane skal oppdaterast i samsvar med kommunestyrets vedtak før kunngjering av reguleringsplan. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslovas §§ 12–12, jf. 12-11.»

PS 150/25 Klage på vedtak - detaljreguleringsplan for Solbakken, planid. 46312021006

Handsaming i Kommunestyret - 18.12.2025:

Spørsmål om habilitet frå Svenning Bjørke-KRF, som part i saka. Kommunestyre gjorde samrøystes vedtak om at S.Bjørke er inhabil i denne saka. Han deltok difor ikkje under handsaming og vedtak.

Framlegg frå K.S.Sæthre-SV:

Med utgangspunkt i "Veileder til Barn og unge i plan og byggesaker § 1 til 5," gjev kommunestyret velforeninga Solbakken medhald i dei 3 kulepunkta i klagen.

Barn og unges interesser skal ivaretakast i alle plan og byggesaker som behandles av loven.

§1 Sikre bærekraftig utvikling for individ, samfunn og fremtidige generasjoner.

§3.1 Barn og unge skal sikres medvirkning. Eventuelt gjennom talsperson.

§3.3.2. "Ved omdisponering av avsatt areal, skal det skaffes fullverdig erstatningsareal." Her vil det sei 0,99 dekar.

Slik erstatningstomta til leikeplass ligg i dag, er den lite eigna.

Framlegget fekk 5 røyster og fall (V.Villanger-SP, K.S.Sæthre-SV, M.G.Berge-SV, B.Grindheim-R og L.Johnsen-MDG) mot 35 røyster.

Innstillinga frå utval for areal, plan og miljø vart vedteke med 35 røyster, mot 5 røyster.

Vedtak i Kommunestyret - 18.12.2025:

Klagene frå nabo på vedtak om godkjenning av reguleringsplan for Solbakken, planid. 46312021006 datert 18.09.2025 vert ikkje teke til følgje.

Vedtaket som vert ståande lyd slik:

« I medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 12-12 har Alver kommunestyre 18.09.2025 handsama framlegg til reguleringsplan med slikt vedtak:

Alver kommunestyre godkjenner framlegg til reguleringsplan for Solbakken, PlanID 46312021006, som vist på plankart sist datert 1.7.2025 og med føresegner av revisjonsdato 1.7.2025. Ny reguleringsplan erstatta og oppheva fullt ut eksisterande plan på staden med namn Solbakken Del av gnr. 173 bnr. 3. PlanID 1263-200103.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslovas § 12–12 De er med dette gjort kjend med vedtaket. Den vedtekne reguleringsplanen er straks bindande for framtidig arealbruk i området, samt for utviding av eksisterande tiltak, jf. pbl §12-4»

PS 151/25 Plansak - Detaljregulering - Hovudreinseanlegg i Knarvik - KNARA - PlanID 46312023004

Handsaming i Kommunestyret - 18.12.2025:

Innstillinga frå utval for areal, plan og miljø vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 18.12.2025:

Klagene frå partane i saka, på kommunestyret (KO) sitt vedtak om godkjenning av reguleringsplan for hovudreinseanlegg i Knarvik, planid. 46312023004 datert, vert ikkje teke til følge.

Vedtaket som vert ståande lyd slik:

«I medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 12-12 har Alver kommunestyre 18.09.2025 handsama framlegg til reguleringsplan med slikt vedtak:

Alver kommunestyre godkjenner framlegg til reguleringsplan for DRP – Hovudreinseanlegg i Knarvik, PlanID 46312023004, sak PS 113/2025 som vist på plankart datert 1.7.2025 med tilhøyrande føresegner. De er med dette gjort kjend med vedtaket. Den vedtekne reguleringsplanen er straks bindande for framtidig arealbruk i området, samt for utviding av eksisterande tiltak, jf. pbl §12-4.»

PS 152/25 Innkjøpsstrategi Alver kommune 2026-2030**Handsaming i Kommunestyret - 18.12.2025:**

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 18.12.2025:

Kommunestyret vedtar kommunedirektøren sitt forslag til ny innkjøpsstrategi for perioden 2026-2030.

PS 153/25 Likviditetsforvaltning – fullmakt til kassekreditt og fondsuttak**Handsaming i Kommunestyret - 18.12.2025:**

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 18.12.2025:

Kommunestyret gir kommunedirektøren fullmakt i 2026 til:

1. Å disponere, omplassere og eventuelt ta ut midlar frå fondsplasseringane i Pluss Kort Likviditet II og DnB Asset Management for å styrke kommunen sin likviditet ved behov
2. Å plassere likvide midlar til låg risiko og rask tilgang for best mogleg avkastning, til dømes i pengemarknadsfond der midlane kan takast ut på kort varsel
3. Å ta opp kassekreditt dersom det er nødvendig for å sikre at Alver kommune kan oppfylle sine betalingsforpliktingar

PS 154/25 Søknad om lån eller lånegaranti fra Knarvik IL**Handsaming i Kommunestyret - 18.12.2025:****Framlegg frå B.Grindheim-R:**

Det blir tildelt lån til Knarvik IL.

Framlegget fekk ei røyst og fall (B.Grindheim-R)

Tilleggsframlegg frå O.S.Namtvedt-SP:

Kommunestyret ber kommunedirektøren i samarbeid med idrettsrådet sjå på mogelege ordningar for å stø opp om lag/organisasjonar som planlegg bygging av idrettsanlegg i Alver

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Innstillinga frå formannskapet vart vedteke mot ei røyst (B.Grindheim-R)

Vedtak i Kommunestyret - 18.12.2025:

Alver kommunestyre avslår søknad om lån og lånegaranti frå Knarvik IL til prosjektet Knarvik aktivitetspark.

Kommunestyret ber kommunedirektøren i samarbeid med idrettsrådet sjå på mogelege ordningar for å stø opp om lag/organisasjonar som planlegg bygging av idrettsanlegg i Alver

PS 155/25 Spelemidlar, prioritering 2026

Handsaming i Kommunestyret - 18.12.2025:

Innstillinga frå utval for næring, kultur og idrett vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 18.12.2025:

Alver kommunestyre godkjenner prioriteringa av innkomne spelemiddelsøknadar.

PS 156/25 Forskrift om vass- og avløpsgebyr i Alver kommune - mindre endring

Handsaming i Kommunestyret - 18.12.2025:

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 18.12.2025:

Kommunestyret godkjenner framlegg til endringar i lokal forskrift om vass- og avløpsgebyr for Alver kommune, revidert 21.11.2025. Endringane gjeld presisering av reglar for kombinasjonseigedomar, brukseiningar og driftsbygningar for landbruk, samt mindre språklege justeringar for å tydeleggjere regelverket.

PS 157/25 Gebyr- og betalingssatsar for 2026

Handsaming i Kommunestyret - 18.12.2025:**Framlegg frå T.Andvik-SP:**

Kommunestyret vedtek at satsane for kulturskulen 88-01 Eigendel ordinær og 88-08 Kjøp av dirigent/instruksjonsteneste vert auka med 10%.

Framlegget fekk 15 røyster og fall (T.Andvik-SP, J.Askeland-SP, K.Murberg-SP, L.Taule-SP, M.Gabrielli-SP, O.S.Namtvedt-SP, V.Villanger-SP, Ø.Bratshaug-SP, G.Nilssen-VIP, W.Berthelsen-VIP, K.S.Sæthre-SV, L.Johnsen-MDG, M.G.Berge-SV, B.Grindheim-R og A.G.Tveranger-UAVH.) mot 26 røyster.

Framlegg frå T.Andvik-SP:

Kommunestyret vedtek at satsane for klippekort i Radøyhallen 81-01 Klippekort 20 klipp vaksne (16 år og eldre) 25m basseng, 81-02 Klippekort 20 klipp honnør, 25m basseng, 81-03 Klippekort 20 klipp barn (4-15 år) 25m basseng, 81-06 Klippekort 10 klipp honnør, 25m basseng, 81-07 Klippekort 10 klipp barn (4-15 år) 25m basseng, 81-08 Klippekort 5 klipp barn og vaksen, terapibasseng og 81-09 klippekort 5 klipp honnør vert sett til 10% auke.

Framlegget fekk 15 røyster og fall (T.Andvik-SP, J.Askeland-SP, K.Murberg-SP, L.Taule-SP, M.Gabrielli-SP, O.S.Namtvedt-SP, V.Villanger-SP, Ø.Bratshaug-SP, G.Nilssen-VIP, W.Berthelsen-VIP, K.S.Sæthre-SV, L.Johnsen-MDG, M.G.Berge-SV, B.Grindheim-R og A.G.Tveranger-UAVH.) mot 26 røyster.

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 18.12.2025:

Alver kommunestyre godkjenner gebyr- og betalingssatsar for 2026, slik det går fram av framlegg i vedlagte lenke til Framsikt:

<https://pub.framsikt.net/2026/alver/bm-2026-gebyr2026>

PS 158/25 Økonomiplan 2026 - 2029**Handsaming i Kommunestyret - 18.12.2025:****Framlegg frå KRF, H, V og FRP ved S.Lavik-KRF:**

Økonomiplan for 2026-2029 og årsbudsjett for 2026 blir vedteke slik det ligg føre i saka, med følgjande endringar:

Drift					
Tenesteområde/gruppering	Tiltak	2026	2027	2028	2029
Sentrale postar	Auka frie inntekter til kommunane frå Stortinget i samband med statsbudsjettet	- 16 000	- 16 000	- 16 000	- 16 000
Sentrale postar	Innkjøpskonkurranse på tenestepensjon	1 000	-6 000	-6 000	-6 000
Sentrale postar	Redusert premiebuffer - mellombels uttak i ein overgangsperiode	0	- 15 700	- 15 700	- 15 700
Sentrale postar	Reduserte rentekostnader som følge av nedbetaling av gjeld - Alversund skule	0	-1 500	-1 500	-1 500
Organisasjon og utvikling	2.1 Ta i bruk kunstig intelligens (overordna for heile organisasjonen)	0	-3 000	-6 000	-6 000

Organisasjon og utvikling	Taksering av eigedom i samband med innføring av eigedomsskatt på hus og hytter frå 2027	-5 000	0	0	0
Helse og omsorg	Demenskoordinator	450	900	900	900
Helse og omsorg	2.1 Ta i bruk kunstig intelligens	-2 000	-1 500	-4 500	-4 500
Oppvekst	Miljøarbeidarar i skulen	1 000	2 000	2 000	2 000
Oppvekst	Tilpasning av kostnadsrammer til inntektsbiletet for Oppvekst	0	-2 500	-5 000	-12 000
Oppvekst	Styrking bemanning barnehage	600	1 200	1 200	1 200
Oppvekst	4.6 Redusere 1 årsverk PPT	900	900	900	900
Oppvekst	4.11 Avslutte avtale med MOT	500	1 000	1 000	1 000
Oppvekst	2.1 Ta i bruk kunstig intelligens	0	-1 000	-2 700	-2 700
Samfunnsutvikling	Næringsfond	500	500	500	500
Samfunnsutvikling	Robotisering av reinhald	1 500	-2 000	-3 000	-4 000
Samfunnsutvikling	Tilsetja næringssjef	1 000	2 000	2 000	2 000
Samfunnsutvikling	7.13 Omstille dagens næringsteam	975	1 950	1 950	1 950
Samfunnsutvikling	7.15 Justere bibliotektilbodet	200	200	200	200
Samfunnsutvikling	2.1 Ta i bruk kunstig intelligens	-300	-350	-1 100	-1 300
Sum generelle driftsinntekter	Eigedomsskatt	0	30 000	30 000	60 000
Netto finansutgifter	Utbytte	0	1 500	1 500	1 500
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	Avsetningar til disposisjonsfond	0	7 400	19 350	-2 450
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	Bruk av disposisjonsfond	14 675	0	0	0
Sum endring drift		0	0	0	0

Lenke til heile forslaget i Framsikt:

https://pub.framsikt.net/2026/alver/ps-2026-framlegg_til_%C3%B8konomiplan_2026-2029_fr%C3%A5_samarbeidsp/#/polsim/politicalsimulation/?scrollTo=t-4

Framlegget vart vedteke med 28 røyster (6 KRF, 1 V, 1 UAVH., G.Nilssen-VIP og W.Berthelsen-VIP, 5 FRP, 6 H og 7 AP) mot 13 røyster.

Framlegg frå SP og VIP ved T.Andvik-SP:

https://eur03.safelinks.protection.outlook.com/?url=https%3A%2F%2Fpub.framsikt.net%2F2026%2Falver%2Fps-2026-budsjett_og_%25C3%25B8konomiplan_2026-2029_sp%2C_vip%2F%23%2Fpolsim%2Fpoliticalsimulation%2F&data=05%7C02%7Ctorgeir.andvik%40alver.kommune.no%7C9b142bb993294a69378308de3e072897%7Cf9d6e533ea404f4593e6f28ff10ace53%7C0%7C0%7C639016397970739468%7CUnknown%7CTWFPbGZsb3d8eyJFbXB0eU1hcGkiOnRydWUsIlYiOiIwLjAuMDAwMCIslIAiOiJXaW4zMilslkFOljoiTWFpbCislIdUljoyfQ%3D%3D%7C0%7C%7C%7C&sdata=XGF7SIXFbEBAsc5OSo1bbztwrxdaclI2pDses3LYRGw%3D&reserved=0

Framlegget fekk 15 røyster og fall (8 SP, 3 VIP, 2 SV, 1 R og 1 MDG) mot 26 røyster.

Framlegg frå SV, R og MDG ved K.S.Sæthre-SV:

https://pub.framsikt.net/2026/alver/ps-2026-forslag_sv_raudt_og_mdg/#/polsim/politicalsimulation/

4.9 Fjerne styrkingsressurs bemanning SFO

Tiltaksbeskriving

4.9 Fjerne styrkingsressurs bemanning SFO. Tiltaket vil føre til at vi fjernar ekstra tildeling til SFO, knytt til tildeling av midlar for å styrkje grunnbemanning i SFO.

Endringsbeskriving

Beholde styrkingsressurs

4.5.Fjerne styrkingsressurs bemanning barnehagane

Tiltaksbeskriving

4.5. Fjerne styrkingsressurs bemanning barnehagane. Tiltaket går ut på å fjerne tildeling til ekstra grunnbemanning i barnehage.

Endringsbeskriving

Beholde styrkingsressurs i barnehage

Redusere talet på kommunale barnehagar

Tiltaksbeskriving

Tiltaket er knytt til framlegg om å starte på fase 2 av barnehage- og skulebruksplanen vår 2026, med mogleg strukturendring som resultat. Grunna demografiutviklinga er det vurdert å vere behov for å starte denne prosessen i 2026.

Endringsbeskriving

Ikkje legge ned kommunale barnehagar i kommande økonomiplan

7.6 Redusere tilskudd kulturmidlar

Tiltaksbeskriving

Redusere tilskudd kulturmidlar

Endringsbeskriving

Kutt tas ut

7.15 Justere bibliotektilbodet

Tiltaksbeskriving

Justere bibliotektilbodet ved å ikkje gjenoppta bibliotekbussen og å redusere tilbodet ved Lindås bibliotek

Endringsbeskriving

Behalde bokbuss og bibliotek på Lindås

7.16 Justere tilbodet til Ung Alver

Tiltaksbeskriving

Justere tilbodet til Ung Alver

Endringsbeskriving

Behalde dagens tilbod

7.14 Justere tilbod i kulturskulen

Tiltaksbeskriving

Justere tilbod i kulturskulen

Endringsbeskriving

Behalde satsar og tilbod som det er i dag på kulturskulen

Redusere talet på kommunale barnehagar

Tiltaksbeskriving

Tiltaket er knytt til framlegg om å starte på fase 2 av barnehage- og skulebruksplanen vår 2026, med mogleg strukturendring som resultat. Grunna demografiutviklinga er det vurdert å vere behov for å starte denne prosessen i 2026.

Endringsbeskriving

Behalde dei kommunale barnehagane i kommunen

7.9 Justere prisstruktur på klippekort i Radøyhallen

Tiltaksbeskriving

Justere prisstruktur på klippekort i Radøyhallen

Endringsbeskriving

Behalde prisreduksjon ved klippekort i Radøyhallen

7.18 Justere aktiviteten i frivilligsentralane

Tiltaksbeskriving

Justere aktiviteten i frivilligsentralane

Endringsbeskriving

Oppretthalde dagens drift av frivilligsentralane

Framlegget fekk 4 røyster og fall (2 SV, 1 R og 1 MDG), mot 37 røyster.

Verbalpunkt:

Framlegg frå KRF, H, V og FRP ved S.Lavik-KRF:

Når det er trong for nye tenester, utviding av eksisterande tenester, utfordrande bemanningssituasjonar, eller andre økonomiske og kvalitative hensyn, skal kommunedirektøren vurdere om dette er noko ein kan setja ut til andre private eller ideelle aktørar, i staden for å auka den kommunale organisasjonen. Dette gjeld primært støttetjenester.

Framlegget vart vedteke med 28 røyster, mot 13 røyster (7 AP, W.Berthelsen-VIP og R.Kleiven-VIP, 1 R, 2 SV og 1 MDG)

Framlegg frå KRF, H, V og FRP ved S.Lavik-KRF:

Kommunestyret bed om at kommunedirektøren gjer ei ny utgreiing av "Shell-tomten" i Knarvik. Energistasjonen har uttrykt ønske om ei større tomt, og ein ser at kulturhus på nabotomta har blitt mindre aktuelt. Ein bed derfor om utgreiing av om ein kan tilby eit større areal til St1 i tilknytning til deira eksisterande tomt.

Framlegget vart vedteke med 23 røyster, mot 18 røyster (8 SP, A.Sylta-AP, K.I.Vangberg-AP, N.Bognøy-AP, S.Hauge-AP, T.M.Dyrkolbotn-AP, G.Nilssen-VIP, 2 SV, 1 R og 1 MDG).

Framlegg frå KRF, H, V og FRP ved S.Lavik-KRF:

Kommunedirektøren vert beden om å greie ut moglegheita for å tilsetje ein SLT-koordinator i Alver kommune. Utgreiinga skal mellom anna sjå på organisering, oppgåver, kostnader og gevinstar ved ei slik stilling. Det skal òg vurderast om det er mogleg og føremålstenleg å etablere eit interkommunalt samarbeid om SLT-koordinatorfunksjonen. Utgreiinga vert lagt fram for politisk handsaming.

Framlegget vart vedteke med 27 røyster, mot 14 røyster (7 AP, 3 VIP, 2 SV, 1 MDG og 1 R)

Framlegg frå P.I.F.Hopland-AP:

Styrking lokaldemokrati:

Kommunestyret ønskjer å styrka lokaldemokratiet og dialogen med innbyggjara i Alver kommune. Det kan skje f.eks gjennom grendalag, velforeiningar, interesselag eller organisering av kontaktpunkt som tek vare på innbyggjarane våre. Det skal skje i Alver

kommune gjennom årlege kontaktpunkt som ei fast ordning utanom dialogane ein inviterar til i samband med utarbeiding og høyringar av store planar.

Målet med møtepunktta er å leggja til rette for god dialog mellom kommune og innbyggjara, grendalag, velforeiningar, eller interesselag. På agenda kan ein sjå for seg at kommunen orienterar om kva prosjekt ein har i ulike grender i kommunen, og innbyggjarane gjennom sine lag eller kontaktpunkt informerar om området sine prosjekt, event behov, kva kan aktørane og kommune samarbeida om for å styrka lokalmiljøa. Lista er ikkje uttømmande.

Kommunedirektøren får i oppgåve å utarbeide eit forslag for korleis dette arbeidet kan gjerast og kommunestyret oppmodar kommunedirektør til å søka kunnskap om korleis andre kommunar har gjort liknande arbeid. Her kan Bømlo kommune vera eit døme.

Kommunedirektør informerar kommunestyret innan 2.tertial om arbeidet.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Framlegg frå T.Andvik-SP:

Kommunestyret ber kommunedirektøren å gjennomføre ein fullstendig gjennomgang av investeringsbudsjettet. Målet er å sikre reduksjon av investeringar i komande planperiode.

Kommunestyret understrekar at alle investeringar som kan fjernast, skal fjernast, i framlegget Saka skal leggjast fram for kommunestyret på fyrste møte i 2026 for vedtak.

Bestillinga inneber følgjande:

1. Gjennomgang av heile investeringsbudsjettet:

Kommunedirektøren skal gå gjennom samtlige investeringspostar og prosjekt, utan å unnta nokon kategoriar.

2. Fjerning av alle ikkje-nødvendige investeringar:

Alle investeringar som ikkje er *absolutt nødvendige* for å oppfylle lovpålagde krav eller for å oppretthalde heilt nødvendig og forsvarleg drift, skal takast ut.

3. Strengt nødvendighetskrav:

Investeringar *kan vurderast* vidareført dersom dei oppfyller alle følgjande vilkår:

- dei er lovpålagde,
- dei er uunngåelege for å sikre trygg og kontinuerleg drift, og
- dei er dokumenterte med ei klar, konkret og skriftleg begrunning for kvifor dei ikkje kan fjernast.

1. Avgrensing mot skjønsmessige argument:

Kommunestyret presiserer at gjennomgangen skal inkludera prosjekt som ynskast vidareført på grunnlag av ynskje, strategiske vurderingar, tidlegare planar, framtidige ambisjonar, signaleffektar eller liknande skjønsmessige argument.

Kostnadsreduksjon skal vere einaste vurderingskriterium.

2. Rapportering:

Kommunedirektøren skal leggje fram ei oversikt der kvar enkelt investeringspost er klassifisert som

- *fjerna*, eller
- *kan ikkje fjernast* (med nødvendighetsgrunngeving i tråd med punkt 3).

Framlegget fekk 15 røyster og fall (8 SP, 3 VIP, 2 SV, 1 R og 1 MDG) mot 26 røyster.

Framlegg frå T.Andvik-SP:

I satsinga på lokalsentra er det skissert planar tre av dei fire lokalsentra; Lindås, Manger og Frekhaug. Kommunestyret ser det naturleg at det siste lokalsenteret; Ostereidet òg er inkludert. Kommunestyret ber om at Ostereidet vert arbeidd med på lik linje som dei tre andre, slik at alle lokalsentra i Alver får ein plan for utvikling.

Framlegget vart vedteke med 34 røyster, mot 7 røyster (A.Hetlebakke-KRF, H.Henanger-H, I.Rambech-H, I.Fjeldsbø-H, N.M.Aadland-H, S.Nordal-H og S.Lavik-KRF)

Framlegg frå T.Andvik-SP:

Kommunestyret ber kommunedirektøren om å utgreia moglegheiter for betre samordning og meir effektiv organisering av tenester mellom regionsenteret Knarvik og lokalsenteret Frekhaug. Utgreiinga skal omfatta fleire alternative løysingar, der både kvalitet, nærleik til tenester og ressursbruk vert vurderte. Arbeidet skal skje i god dialog med tilsette, brukarar og lokalsamfunn, og kommunestyret ber om å få saka attende til politisk handsaming når utgreiinga er ferdig.

Framlegget vart vedteke med 24 røyster (8 SP, 7 AP, J.Byrknes-KRF, O.Myhr-KRF, Y.Walaker-FRP, G.Nilssen-VIP, W.Berthelsen-VIP, 2 SV, 1 R og 1 MDG), mot 17 røyster.

Framlegg frå T.Andvik-SP:

Kommunestyret ber kommunedirektøren gjennomføra ei heilskapleg og grundig gjennomgang av kommunen sin organisasjonsstruktur. Arbeidet skal ta utgangspunkt i dei observasjonane som går fram av organisasjonskartet over leiarstruktur, og særleg vurdere følgjande forhold:

- Det samla omfanget og kompleksiteten i organisasjonen, der særleg sektorane Helse og omsorg og Oppvekst har mange leiarnivå og parallelle strukturar. Dette gjev på den eine sida god detaljoversikt, men peikar òg på høg leiartettleik og mogelege overlapp i funksjonar.
- Leiarstrukturen, som i dag omfattar fleire nivå frå kommunalsjef til tenesteleiar, einingsleiar, assisterande einingsleiar og avdelingsleiar. Kommunestyret ber om ei vurdering av om denne strukturen i tilstrekkeleg grad støttar tydelege ansvarslinjer, eller om han bidreg til fragmentering, utydeleg styring og høge administrasjonskostnader.
- Variasjonen i einingsstorleik og ressursbruk, der kartet viser store forskjellar mellom små einingar (t.d. kultur, plan, enkelte bustader) og svært store einingar (skular, heimetenester).

Kommunestyret ber om ei vurdering av om denne variasjonen speglar reelle behov, eller om den indikerer potensial for samanslåingar, meir robuste fagmiljø eller meir føremålstenleg bruk av leiingsressursar.

- Særleg komplekse område som Brann og redning og Habiliteringstenesta, der organiseringa i dag er fragmentert, har mange leiarfunksjonar og består av mange små driftsmiljø. Kommunestyret ber om ei vurdering av om desse områda kan organiserast meir effektivt.

Kommunestyret ber om at kommunedirektøren legg fram ei samla utgreiing for alle sektorar i organisasjonen med alternativ, konsekvensar og tilrådingar innan fyrste tertialrapport 2026.

Framlegget fekk 15 røyster og fall 8 SP, 3 VIP, 2 SV, 1 R og 1 MDG) mot 26 røyster.

Framlegg frå T.Andvik-SP:

Kommunestyret innfører ein mellombels restriktiv praksis for nye investeringar. Hovudregelen skal vera at nye investeringsprosjekt ikkje vert sette i gong i perioden, men at unntak kan gjerast der særlege omsyn tilseier det. Slike unntak skal vurderast nøye og grunngjevast særskilt, og nivået for godkjenning skal liggja høgt. Kommunedirektøren vert beden om å leggja fram forslag til korleis ordninga skal praktiserast og følgjast opp.

Framlegget fekk 15 røyster og fall 8 SP, 3 VIP, 2 SV, 1 R og 1 MDG) mot 26 røyster.

Framlegg frå T.Andvik-SP:

Kommunestyret innfører ein mellombels restriktiv praksis for nye tilsetjingar. Hovudregelen skal vera at nye stillingar ikkje vert fylte, men at unntak kan gjerast der særlege grunnar tilseier det. Slike unntak skal grunngjevast særskilt, og nivået for godkjenning skal liggja høgt. Kommunedirektøren vert beden om å utarbeida nærare retningslinjer for praktiseringa av ordninga.

Framlegget fekk 17 røyster og fall 8 SP, 3 VIP, 2 SV, N.Øvreås-FRP, 1 UAVH., 1 R og 1 MDG) mot 24 røyster.

Framlegg frå T.Andvik-SP:

- Før ein ny investering godkjennast, skal det foreligge ein detaljert vedlikeholdsplan som viser korleis eksisterande anlegg, maskiner eller infrastruktur kan oppretthaldast.
- Dersom kostnaden for eit adekvat vedlikehald er mindre enn kostnaden for den foreslåtte investeringen, skal investeringen avvisast.
- Vedlikeholdsplanen må innehalde konkrete tiltak, tidsrammer, ansvarspersonar og estimerte driftskostnader, samt dokumentasjon på at desse tiltaka vil hindre behovet for nyinvestering.

- Eventuelle investeringar som kun er tenkt som erstatning for mangelfullt vedlikehald, skal klassifiserast som kan ikkje fjernast berre dersom vedlikehaldet er vist å vere teknisk umogleg eller økonomisk urimeleg.

Framlegget fekk 15 røyster og fall 8 SP, 3 VIP, 2 SV, 1 R og 1 MDG) mot 26 røyster.

Framlegg frå T.Andvik-SP:

1. Kommunestyret ber kommunedirektøren søkje på alle tilgjengelege midlar gjennom den statlege tilskotsordninga for styrka bemanning i barnehage for 2026. Kommunedirektøren skal sørgje for at kommunen stiller med nødvendig dokumentasjon og gjennomfører ein proaktiv søknadsprosess for å maksimere sjansen for tildeling.

2. Kommunestyret legg til grunn at kommunen skal nytte dei statlege tilskotsmidlane som finansiering av styrkingstiltak i barnehagesektoren i 2026.

På denne bakgrunn blir delar av kommunen sine planlagde styrkingsmidlar til barnehage tekne ut av budsjettframlegget, med mål om at desse tiltaka i staden blir finansierte gjennom tilskotsordninga.

3. Dersom kommunen ikkje får fullt tilslag på søknaden, skal kommunedirektøren kome tilbake til kommunestyret med framlegg til korleis eventuelle restbehov kan dekkjast innanfor ordinære rammer eller ved justeringar i budsjettet.

Framlegget vart vedteke med 27 røyster, mot 14 røyster (6 KRF, H.Henanger-H, I.Rambeck-H, N.M.Aadland-H, S.Røskeland-H, S.Nordal-H, M.A.Mostraum-FRP, T.Øvretveit-FRP og T.Helland-FRP)

Vedtak i Kommunestyret - 18.12.2025:

Økonomiplan for 2026-2029 og årsbudsjett for 2026 blir vedteke slik det ligg føre i saka, med følgjande endringar:

Drift					
Tenesteområde/gruppering	Tiltak	2026	2027	2028	2029
Sentrale postar	Auka frie inntekter til kommunane frå Stortinget i samband med statsbudsjettet	- 16 000	- 16 000	- 16 000	- 16 000
Sentrale postar	Innkjøpskonkurranse på tenestepensjon	1 000	-6 000	-6 000	-6 000
Sentrale postar	Redusert premiebuffer - mellombels uttak i ein overgangsperiode	0	- 15 700	- 15 700	- 15 700

Sentrale postar	Reduserte rentekostnader som følge av nedbetaling av gjeld - Alversund skule	0	-1 500	-1 500	-1 500
Organisasjon og utvikling	2.1 Ta i bruk kunstig intelligens (overordna for heile organisasjonen)	0	-3 000	-6 000	-6 000
Organisasjon og utvikling	Taksering av eigedom i samband med innføring av eigedomsskatt på hus og hytter frå 2027	-5 000	0	0	0
Helse og omsorg	Demenskoordinator	450	900	900	900
Helse og omsorg	2.1 Ta i bruk kunstig intelligens	-2 000	-1 500	-4 500	-4 500
Oppvekst	Miljøarbeidarar i skulen	1 000	2 000	2 000	2 000
Oppvekst	Tilpasning av kostnadsrammer til inntektsbiletet for Oppvekst	0	-2 500	-5 000	-12 000
Oppvekst	Styrking bemanning barnehage	600	1 200	1 200	1 200
Oppvekst	4.6 Redusere 1 årsverk PPT	900	900	900	900
Oppvekst	4.11 Avslutte avtale med MOT	500	1 000	1 000	1 000
Oppvekst	2.1 Ta i bruk kunstig intelligens	0	-1 000	-2 700	-2 700
Samfunnsutvikling	Næringsfond	500	500	500	500
Samfunnsutvikling	Robotisering av reinhald	1 500	-2 000	-3 000	-4 000
Samfunnsutvikling	Tilsetja næringssjef	1 000	2 000	2 000	2 000
Samfunnsutvikling	7.13 Omstille dagens næringsteam	975	1 950	1 950	1 950
Samfunnsutvikling	7.15 Justere bibliotektilbodet	200	200	200	200
Samfunnsutvikling	2.1 Ta i bruk kunstig intelligens	-300	-350	-1 100	-1 300
Sum generelle driftsinntekter	Eigedomsskatt	0	30 000	30 000	60 000
Netto finansutgifter	Utbytte	0	1 500	1 500	1 500
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	Avsettingar til disposisjonsfond	0	7 400	19 350	-2 450

Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	Bruk av disposisjonsfond	14 675 0	0	0	0
Sum endring drift		0	0	0	0

Lenke til heile forslaget i Framsikt:

https://pub.framsikt.net/2026/alver/ps-2026-framlegg_til_%C3%B8konomiplan_2026-2029_fr%C3%A5_samarbeidsp/#/polsim/politicalsimulation/?scrollTo=t-4

VERBALPUNKT:

Når det er trong for nye tenester, utviding av eksisterande tenester, utfordrande bemanningssituasjonar, eller andre økonomiske og kvalitative hensyn, skal kommunedirektøren vurdere om dette er noko ein kan setja ut til andre private eller ideelle aktørar, i staden for å auka den kommunale organisasjonen. Dette gjeld primært støttetjenester.

Kommunestyret bed om at kommunedirektøren gjer ei ny utgreiing av “Shell-tomten” i Knarvik. Energistasjonen har uttrykt ønskje om ei større tomt, og ein ser at kulturhus på nabotomta har blitt mindre aktuelt. Ein bed derfor om utgreiing av om ein kan tilby eit større areal til St1 i tilknytning til deira eksisterande tomt.

Kommunedirektøren vert beden om å greie ut moglegheita for å tilsetje ein SLT-koordinator i Alver kommune. Utgreiinga skal mellom anna sjå på organisering, oppgåver, kostnader og gevinstar ved ei slik stilling. Det skal òg vurderast om det er mogleg og føremålstenleg å etablere eit interkommunalt samarbeid om SLT-koordinatorfunksjonen. Utgreiinga vert lagt fram for politisk handsaming.

Styrking lokaldemokrati:

Kommunestyret ønskjer å styrka lokaldemokratiet og dialogen med innbyggjara i Alver kommune. Det kan skje f.eks gjennom grendalag, velforeiningar, interesselag eller organisering av kontaktpunkt som tek vare på innbyggjarane våre. Det skal skje i Alver kommune gjennom årlege kontaktpunkt som ei fast ordning utanom dialogane ein inviterar til i samband med utarbeiding og høyringar av store planar.

Målet med møtepunkta er å leggja til rette for god dialog mellom kommune og innbyggjara, grendalag, velforeiningar, eller interesselag. På agenda kan ein sjå for seg at kommunen orienterar om kva prosjekt ein har i ulike grender i kommunen, og innbyggjarane gjennom sine lag eller kontaktpunkt informerar om området sine prosjekt, event behov, kva kan aktørane og kommune samarbeida om for å styrka lokalmiljøa. Lista er ikkje uttømmende.

Kommunedirektøren får i oppgåve å utarbeide eit forslag for korleis dette arbeidet kan gjerast og kommunestyret oppmodar kommunedirektør til å søka kunnskap om korleis andre kommunar har gjort liknade arbeid. Her kan Bømlo kommune vera eit døme.

Kommunedirektør informerar kommunestyret innan 2.tertial om arbeidet.

I satsinga på lokalsentra er det skissert planar tre av dei fire lokalsentra; Lindås, Manger og Frekhaug. Kommunestyret ser det naturleg at det siste lokalsenteret; Ostereidet òg er inkludert. Kommunestyret ber om at Ostereidet vert arbeidd med på lik linje som dei tre andre, slik at alle lokalsentra i Alver får ein plan for utvikling.

Kommunestyret ber kommunedirektøren om å utgreia moglegheiter for betre samordning og meir effektiv organisering av tenester mellom regionsenteret Knarvik og lokalsenteret Frekhaug. Utgreiinga skal omfatta fleire alternative løysingar, der både kvalitet, nærleik til tenester og ressursbruk vert vurderte. Arbeidet skal skje i god dialog med tilsette, brukarar og lokalsamfunn, og kommunestyret ber om å få saka attende til politisk handsaming når utgreiinga er ferdig.

1. Kommunestyret ber kommunedirektøren søkje på alle tilgjengelege midlar gjennom den statlege tilskotsordninga for styrka bemanning i barnehage for 2026. Kommunedirektøren skal sørge for at kommunen stiller med nødvendig dokumentasjon og gjennomfører ein proaktiv søknadsprosess for å maksimere sjansen for tildeling.

2. Kommunestyret legg til grunn at kommunen skal nytte dei statlege tilskotsmidlane som finansiering av styrkingstiltak i barnehagesektoren i 2026.

På denne bakgrunn blir delar av kommunen sine planlagde styrkingsmidlar til barnehage tekne ut av budsjettframlegget, med mål om at desse tiltaka i staden blir finansierte gjennom tilskotsordninga.

3. Dersom kommunen ikkje får fullt tilslag på søknaden, skal kommunedirektøren kome tilbake til kommunestyret med framlegg til korleis eventuelle restbehov kan dekkjast innanfor ordinære rammer eller ved justeringar i budsjettet

PS 159/25 Verbalpunkt om alternativ til MOT-programmet i skulen

Handsaming i Kommunestyret - 18.12.2025:

Framlegg frå S.Lavik-KRF:

Saka blir sendt tilbake til administrasjonen. Ein kjem attende med ei ny sak, der ein ser dette i samanheng med MOT og anna relevant arbeid som foregår i sektoren.

Framlegget vart vedteke mot 2 røyster (T.Andvik-SP og Ø.Bratshaug-SP)

Vedtak i Kommunestyret - 18.12.2025:

Saka blir sendt tilbake til administrasjonen. Ein kjem attende med ei ny sak, der ein ser dette i samanheng med MOT og anna relevant arbeid som foregår i sektoren.

PS 160/25 Årsmelding 2024-2025 Alver ungdomsråd

Handsaming i Kommunestyret - 18.12.2025:

Framlegg:

Årsmelding 2024-2025 Alver ungdomsråd vert teke til orientering.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 18.12.2025:

Årsmelding 2024-2025 Alver ungdomsråd er teke til orientering.

PS 161/25 Busetting av flyktningar i 2026

Handsaming i Kommunestyret - 18.12.2025:

Innstillinga frå formannskapet vart vedteke mot ei røyst (A.G.Tveranger-UAVH.)

Vedtak i Kommunestyret - 18.12.2025:

a. Alver kommune godkjenner busetting av 85 flyktningar for 2026. Tal flyktningar inkluderer ikkje familiesameinte. I talet på 85 flyktningar er kommunen budd på at kommune kan bli tildelt einslege mindreårige med følgjeperson.

b. Alver kommune er ikkje oppmoda om å busetje einslege mindreårige utan følgjeperson no. Kommunestyret ber om ny sak om IMDI kjem med eiga oppmoding om denne målgruppa.

PS 162/25 Høyring - tenestestruktur for tannhelsetenesta i Vestland 2026-2036

Handsaming i Kommunestyret - 18.12.2025:

Innstillinga frå utval for levkår vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 18.12.2025:

Saksopplysningar

Vestland fylkeskommune har sendt ut Tenestestruktur for tannhelsetenesta 2026–2036 på høyring. Planen legg føringar for korleis tannhelsetilbodet i fylket skal organiserast dei neste ti åra.

Hovudmålet er å etablere ein framtidsretta, berekraftig og fagleg forsvarleg struktur som sikrar likeverdige tenester i heile fylket.

Planen peikar på behov for færre, men større og meir robuste klinikkar – og ein klarare struktur for samarbeid mellom fylkeskommunal tannhelseteneste og kommunehelsetenesta.

Alver kommune anerkjenner Manger og Lindås til viktige lokale helsetilbod for store delar av kommunen.

Vurderingsgrunnlag

Alver kommune forstår og anerkjenner at fylkeskommunen står overfor vesentlege utfordringar knytt til rekruttering av tannhelsepersonell, små klinikkar med avgrensa kapasitet og eldre og lite funksjonelle lokale.

Etter Alver kommune sitt syn er det avgjerande at det etablerast robuste og berekraftige einingar, både fagleg og økonomisk. Slike einingar må ha tilstrekkeleg kapasitet, moderne utstyr, stabil bemanning og høg kompetanse for å kunne levere tenester av god kvalitet.

Samtidig ser kommunen at klinikkane på Manger og Lindås i dag er relativt små og difor sårbare både med omsyn til bemanning, fagleg breidde og økonomisk drift. Det er difor viktig at framtidig struktur finn ei løysing som gjer det mogleg å oppretthalde eit godt tilbod i regionen, samstundes som ein styrkar fagmiljø og driftstryggleik.

Betydninga av tannhelsetenesta i Alver

Tannhelsetenesta er ein sentral del av det samla helse- og velferdstilbodet.

Lokal tilgjenge på tenesta bidreg til god folkehelse, sosial utjamning og førebygging av meir alvorlege helseproblem. Tannhelse heng tett saman med både ernæring, livskvalitet og deltaking i samfunnslivet.

Lindås og Manger tannklinikk – eit viktig lokalt tilbod

Lokale tannlegesentre har gjennom mange år vore eit stabilt og fagleg godt tilbod i regionen.

Dei har ei gunstig geografisk plassering i Alver kommune, med god tilkomst frå både nord og sør i kommunen. For mange innbyggjarar, særleg barn, eldre, institusjonsbebuarar og personar med særskilde behov, vil auka reiseavstand kunne bli ein reell barriere for tilgang til tenesta.

Å oppretthalde lokale tannlegesenter vil dermed bidra til:

- Nærleik til brukarane og reduserte transportutfordringar.
- Lik tilgang på tenester i heile kommunen.
- Tryggleik og kontinuitet i behandling for sårbare grupper.
- Sterk lokal forankring og samarbeid med kommunen sine helse- og omsorgstenester.

Samhandling mellom fylkeskommune og kommune

Alver kommune er positiv til at fylkeskommunen legg vekt på samarbeid og samordning med kommunehelsetenesta. Dette gir moglegheit for felles folkehelseprosjekt, førebyggjande arbeid og tidleg innsats for utsette grupper.

Krav om robuste og fagleg forsvarlege einingar

Kommunen er samd i fylkeskommunen sitt mål om robuste og fagleg forsvarlege klinikkar. Det er fullt mogleg å kombinere dette med eit lokalt tilbod på Manger og Lindås, til dømes gjennom:

- samdrift eller fagleg tilknyting til større klinikk i regionen,
- bruk av moderne teknologi (digital diagnostikk, felles journalsystem),
- fleksibel bruk av personell og spesialistressursar mellom klinikkar.

Ei slik løysing vil både sikre fagleg kvalitet og nærleik til brukarane.

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunedirektøren meiner at Manger og Lindås tannklinikk bør oppretthaldast som ein del av den framtidige strukturen for tannhelsetenesta i Vestland.

Det bør leggjast til rette for at sentera inngår i eit fagleg og organisatorisk samarbeid som gjer eininga robust, moderne og berekraftig.

Kommunen stiller seg positiv til vidare dialog med fylkeskommunen om lokalisering, organisering og samhandling, og ønskjer å bidra til utvikling av ein modell der lokal forankring og fagleg kvalitet blir ivareteke.

Kommunen meiner at tannklinikken på Manger og Lindås bør oppretthaldast som eit lokalt tannhelsetilbod, grunna god geografisk plassering, nærleik til brukarane og eksisterande

samarbeid med kommunehelsetenesta. Kommunen stiller seg positiv til at nordhordland tannklinikk inngår i ordninga med utvida opningstid.

Saksframlegg er høyringsuttale frå Alver kommune.

PS 163/25 Miljøløftet - innspel til Handlingsprogrammet 2027-2029

Handsaming i Kommunestyret - 18.12.2025:

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 18.12.2025:

Kommunedirektørens tilråding om Alver kommune sine innspel til Miljøløftet sitt handlingsprogram 2027-2029 vedtakast.

Følgande prosjekt vert lagd til i Alver sine innspel til handlingsprogrammet i miljøløftet 2027-2029:

Fv 5484 Gradnatun-krysset, utbetring og fortau

Fv 5452 Leknes skule, tilkomst sørfrå, inkl bru og avsetting/hjartesone

PS 164/25 Miljøløftet - bruk av belønningsmidler i Alver kommune

Handsaming i Kommunestyret - 18.12.2025:

Tilleggsframlegg frå L.Taule-SP:

Trafikksikring langs Fosseskarsvegen vert prioritert i bruken av Alver kommune sine belønningsmidlar i miljøløftet. Me viser her til samøystes vedtak i kommunestyret 20.10.2022, sak 123/22.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 18.12.2025:

- Det etablerast nye kategoriar som rammer for bruk av Alver sine belønningsmidlar i Miljøløftet, lagt fram i dette notatet. Midlar til rådighet fordelast på desse kategoriane.
- Kommande utbetalingar fordelast etter behov i dei nye kategoriane, i dialog med styringsgruppa for Miljøløftet i Alver og i samband med rullering av handlingsprogram for Miljøløftet.
- Trafikksikring langs Fosseskarsvegen vert prioritert i bruken av Alver kommune sine belønningsmidlar i miljøløftet. Me viser her til samøystes vedtak i kommunestyret 20.10.2022, sak 123/22.

- PS 165/25 Høyering - utgreiing - grensejustering av kommunegrensa mellom Alver, Modalen og Masfjorden

Handsaming i Kommunestyret - 18.12.2025:

Det var stilt spørsmål om habilitet frå Torgeir Andvik-SP, han er innbyggjar i området og har signert på innbyggjarinitiativ om grensejustering. Kommunestyret gjorde samrøystes vedtak om at Torgeir Andvik-SP er habil i denne saka.

Framlegg frå T.Andvik-SP:

Innbyggjarundersøkinga viser at 51 prosent av dei som svarte ikkje ønskjer å vere del av Alver kommune, og heile 67% av innbyggjarane under 60 år uttrykkjer at dei vil høyra til Modalen kommune. Undersøkinga viser òg at mange i området i dag nyttar kommunale tenester og tilbod i fleire ulike nabokommunar. Sett i lys av desse funna er grensejustering eit reelt alternativ til dagens situasjon. Samstundes er dei økonomiske, administrative og infrastrukturelle konsekvensane av ei grenseendring framleis utilstrekkeleg utgreidde. På denne bakgrunn meiner Alver kommune at det er nødvendig med ei **betydelig meir grundig konsekvens- og kostnadsutgreiing** før det eventuelt kan fattast vedtak om grensejustering. Ei slik utgreiing bør særleg kartleggje kommunale vegar, bygg og eigedomar, vass- og avlaupsanlegg, samt nettoeffekt på frie inntekter for alle berørte kommunar.

Framlegget fekk 10 røyster og fall (T.Andvik-SP, J.Askeland-SP, K.Murberg-SP, L.Taule-SP, M.Gabrielli-SP, O.S.Namtvedt-SP, V.Villanger-SP, Ø.Bratshaug-SP, A.G.Tveranger-UAVH. og B.Grindheim-R) mot 28 røyster.

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 18.12.2025:

Kommunestyret vedtek vedlagt høyringsuttale i saka slik den ligg føre.

PS 166/25 Fensfjorden Kjernekraft AS - Alver kommune som medeigar

Handsaming i Kommunestyret - 18.12.2025:

Innstillinga frå formannskapet vart vedteke mot 3 røyster (K.S.Sæthre-SV, M.G.Berge-SV og B.Grindheim-R)

Vedtak i Kommunestyret - 18.12.2025:

- 1.Alver kommune tiltrer aksjonæravtalen for Fensfjorden Kjernekraft AS og inngår som deleigar i selskapet med dei føresetnadar som framgår her i kommunedirektøren si tilråding.
- 2.Kommunedirektøren vert gjeve fullmakt til å signere aksjonæravtalen og gjennomføre naudsynte formalitetar.
- 3.Alver kommunen stiller med aksjekapital på NOK 100 000, finansiert frå disposisjonsfondet.
- 4.Vidare prosess med tiltak vedteke i sak KO 33/24 og KO 119/24 vert lagt til det utvida selskapet Fensfjorden Kjernekraft AS å administrere og svare ut for kommunestyret i Alver.
- 5.Det skal utarbeidast ein topartsavtale mellom Alver kommune og Austrheim kommune som regulerer det interkommunale samarbeidet i denne saka.

PS 167/25 Melding/orientering til kommunestyret

Handsaming i Kommunestyret - 18.12.2025:

Meldingane vart teke til orientering, samrøystes.

Vedtak i Kommunestyret - 18.12.2025:

Meldingane er teke til orientering

PS 168/25 Tiltaksplan for Mjåtveitvassdraget

Handsaming i Kommunestyret - 18.12.2025:

Framlegg frå S.Hauge-AP:

Føljande tekst skal inn i plan som eige punkt:

Tiltaksplan for Mjåtveitvassdraget skal oppdaterast med dokumentasjon av gjennomførte tiltak som er slutførte i nedslagsfeltet, og som kan påverke saksbehandling i nye søknader som vert søkt om i nedslagsfeltet. Slik vil ein styrka fakta og kunnskapsgrunnlag, og slik at vi kan ta ansvar for berekraftig forvaltning av vassdraget.».

Administrasjon utfører oppdatering når dette er naudsynt for at planen skal vere eit så riktig kunnskapsgrunnlag som mogleg.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 18.12.2025:

Føljande tekst skal inn i plan som eige punkt:

Tiltaksplan for Mjåtveitvassdraget skal oppdaterast med dokumentasjon av gjennomførte tiltak som er slutførte i nedslagsfeltet, og som kan påverke saksbehandling i nye søknader som vert søkt om i nedslagsfeltet. Slik vil ein styrka fakta og kunnskapsgrunnlag, og slik at vi kan ta ansvar for berekraftig forvaltning av vassdraget.».

Administrasjon utfører oppdatering når dette er naudsynt for at planen skal vere eit så riktig kunnskapsgrunnlag som mogleg.